



# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

**Møtedato:** Torsdag 14.10.2013

**Stad:** Torpomoen

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune
– Knut Arne Gurigard	møtte som dagleg leiar
– Rådmannsutvalet	deltok i sak 36 - 39

### SAK 34-13 UTTALE, HANDLINGSPROGRAM FYLKESVEGAR 2014-2017

#### Uttale

Regionrådet for Hallingdal gav i 2012 uttale til mål og strategiar for fylkesvegstrategi 2014-2023. Ut frå tidlegare uttale og høyringsutgåve til handlingsprogram gjev Regionrådet for Hallingdal slik uttale:

1. Regionrådet for Hallingdal er positive til at rammene til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet no er tilstrekkelege til å kunne drifte og vedlikehalde vegnettet på ein forsvarleg måte, slik at forfallet stoppar. Forfallet skal med dette ikkje auke på nokon fylkesvegar i Buskerud.
2. Regionrådet for Hallingdal støttar målet om at vedlikehaldsforfallet skal takast igjen i løpet av 16 år. Det er i denne samanheng viktig å understreka at dette gjeld heile fylkesvegnettet.
3. Rapport om trygge skulevegar syner at det er behov for mange mindre tiltak i alle kommunane, for å få trygge skulevegar til barne- og ungdomsskuler i fylket. Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at det blir sett av tilstrekkelege midlar slik at desse tiltaka blir gjennomført i fire-års perioden.
4. Regionrådet oppmodar om at det blir vurdert enklare løysingar for gang- og sykkelvegar enn det som er dagens standard/krav. Og at det blir gjort ei nærmere prioritering av tiltak i samarbeid med kommunane.
5. For Hallingdal er det i reiselivssamanheng svært viktig at rasteplassar er av god standard, noko som i grove trekk vil seie vesentleg betre enn i dag. Regionrådet for Hallingdal vil be om at Buskerud fylkeskommune i samarbeid med kommunane/regionrådet og reiselivsnæringa etablira eit eige prosjekt, for å vurdere opprusting og drift av rasteplassar i Hallingdal.
6. For Hallingdal er det svært viktig at vinterregulariteten på Fv50 er så god som mogeleg. Dette gjeld også for dei ande fjellovergangane som ikkje er so værutsatte.
7. Fleire av fylkesvegane fungera ofte som omkjøringsveg ved m.a. ulykker som eks. fv. 203 Austvold bru. Det er viktig at desse vegane har ein standard, som både taklar stor trafikk og framkomst av utrykkingskjøretøy.
8. Regionrådet for Hallingdal vil understreke behovet for eit best mogeleg samspel mellom kommunane og fylkeskommunen/Statens vegvesen, i samband med kommunale plansaker. Dersom fylkeskommunen/Statens vegvesen nyttar motsegn mot kommunale planer for spesifiserte tiltak på sine vegar, må nemnde tiltak prioriterast i etaten sine komande handlingsplanar.

## **SAK 35-13 UTTALE, PLANPROGRAM FOR REGIONAL PLAN FOR VERDISKAPNING OG NÆRINGSUTVIKLING**

### **Uttale**

Regionrådet for Hallingdal gav i sak 33/12 uttale til regional planstrategi, der ein av foreslalte regionale planar var «Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping».

Ut frå tidlegare uttale og høyringsutgåve til planprogram for Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling, gjev Regionrådet for Hallingdal slik uttale:

1. Sjølv om regional planstrategi i stor grad skal famne heile fylke er det særdeles viktig at fylkeskommunen evnar å legge planar og strategiar, som er tilpassa dei ulike utfordringar regionane i Buskerud står overfor. I planprogrammet står det: *Temaene skal være relevante for hele, eller i det minste store deler av fylket og derfor også de fleste typene næringer.* Etter Regionrådet sitt syn er dette ei retningslinje, som kan vera ekskluderande, for å ta tak i nokre av dei store mogelegheitene /utfordringane i ein region.

Regionrådet for Hallingdal ber om at det blir vurdert om 1 – 2 plantema kan vera ulike for regionar, dersom det syner seg at dette er av stor betydning.

2. Det er peikt på at: *«Samferdselsutfordringene for næringslivet handler om arbeidsplassintensive bedrifter der effektiv og sikker transport er knyttet til arbeidskraftens reise til og fra jobb, og til produksjonsbedrifter med store transportbehov for gods hvor kostnadssiden spiller inn. Det er også en type bedrifter som er avhengig av stedegne kvaliteter hvor veien i seg selv kan være en del av opplevelsen som kunden kjøper, for eksempel reiseliv.»*

Regionrådet for Hallingdal vil her presisere at ein stor del av reiselivsnæringa sitt transportbehov er effektiv og sikker transport, der reisetid er heilt avgjerande. Syner her til rapport om reiselivsnæringa sitt transportbehov, Statens vegvesen Region sør og Nasjonal transportplan 2010–2019.

3. Statlege rammevilkår er avgjerande for store delar av næringslivet og kan vera ulike for ulike type næringar og geografiske område. I Regional plan for verdiskaping og næringsutvikling må dette koma inn som eit konkret punkt, med eigne vurderingar og forslag til konkrete tiltak.
4. Regionrådet for Hallingdal ber om at framdriftsplan for planarbeidet blir vurdert. Planlagt vedtak om vel eitt år kan verke meir utmatande enn inkluderande.

## **SAK 36-13 FORSLAG TIL AVTALE OM OPPRETTING OG DRIFT AV INTERMEDIÆRE SENGEPLASSAR VED HALLINGDAL SJUKESTUGU**

Forslag til avtale om opprettning og drift av intermediære sengeplassar ved Hallingdal sjukestugu vart drøfta. Rådmannsutvalet utarbeidar endeleg forslag som grunnlag for sak til Hallingtinget.

## **SAK 37-13 NYE STYRE FOR HELSEFORETAKA I HELSE SØR-ØST FRÅ 2014 – FORSLAG TIL FOLKEVALTE KANDIDATAR**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil på vegne av dei 6 kommunane i Hallingdal (Hol, Ål, Gol, Hemsedal, Nes og Flå), foreslå at ordførar Oddvar Grøthe blir oppnemnt i styre for Vestre Viken HF, for perioden 2014 – 2016.

## **SAK 38-13 DRØFTING AV FELLES FORLIKSråd**

Sorenskrivar Stein Arne Vedde og leiar i rådmannsutvalet orienterte om arbeidet med vurdering av felles forliksråd og arbeid for eit eventuelt rettsenter for Hallingdal.

### Oppsummering frå drøftingane

Saka kan sjåast på som to fasar:

Fase 1: Etablering av felles forliksråd for Hallingdal.

Felles forliksråd skal vurderast fagleg ut frå fordeler og ulemper. I tillegg skal det gjerast vurderingar med tanke på eit lokalt rettsenter for Hallingdal.

Fase 2: Etablering av eit rettsenter for Hallingdal som m.a. kan omfatte tingretten, jordskifteretten og felles forliksråd.

Fase 1 er avhengig av eit felles sekretariat. Dette må avklarast i forhold til politiet som har sekretariatsfunksjonen. Når vilkår i forhold til sekretariat er oppfylt er det opptil dei einskilde kommunestyra å vedta om samanslåing skal skje. Ei vedtak om samanslåing krev 2/3 tilslutning i det aktuelle kommunestyre.

Arbeidsgruppa skal arbeide vidare med forslag til løysingar, med målsetting om vedtak i kommunane om eventuelt felles forliksråd, i løpet av 2013.

## **SAK 39-13 EVENTUELTT**

### Hallingtinget

Regionrådet drøfta opplegg for Hallingtinget:

24.oktober kl. 15:30 – 18:30

– Felles løft for Tidleg innsats i Hallingdal

– Folkehelse

25.oktober kl. 08:30 – 13:00

– Orientering om arbeidet i Regionrådet

– Hallingdal 2020

– Økonomiplan 2014 – 2017 og årsbudsjett 2014

– Eventuelt

    ○ Orientering Hallingdal Barnevernteneste

    ○ Eigarskap og strategiar i selskap der kommunane er eigrarar

    ○ Avtale intermediære sengeplassar

    ○ Kva skjer med skogbruket i Hallingdal

Ål 1.10.2013

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar